

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING

12. og 13. juni 2014 på
Rica Maritim Hotel Haugesund



Helse Vest RHF, KS og Fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane inviterer til jubileumsseminar innan rusbehandling.

I år er det 10 år sidan personar med problem med rus og avhengigheit fekk pasientrettar i spesialisthelsetenesta. Kva har vi oppnådd på dessa 10 åra? Er vi på rett veg? Dagane skal vise fram brukar- teneste- og forskarperspektivet innan rusbehandling på alle nivå

Målgruppe: tilsette og leiarar i spesialisthelsetenesta, kommunane, brukarorganisasjonar og samarbeidspartnarar

Seminarer er søkt godkjend for kvalifiserande kurs i Norsk legeforeining, Norsk psykologforeining og Norsk sjukepleiarforbund

Vi inviterer alle til å vise seg fram med stands i foajeen, anten eit prosjekt, ei eining, ein foreining mm. Premie til dei 3 beste standa.

Stands må vere på plass innan kl. 13:00 den 12. juni

Pris for seminaret: kr 500 pr. deltakar for to seminardagar medrekna festmiddag den 12. juni.
Overnatting på hotellet: kr. 1025 pr. natt i enkeltrom og kr. 640 pr. person pr. natt i dobbeltrom

MELD DEG PÅ OG BESTILL HOTELL SNARAST, OG SEINAST INNAN 20. MAI

Når du melder deg på må du velje:

- Delta 12. juni
- Delta 13. juni
- Festmiddag 12. juni
- Overnatting 11. juni
- Overnatting 12. juni
- Parallellsesjon 12. juni (frå A – H)
- Parallellsesjon 12. juni (frå A – H)
- Parallellsesjon 13. juni (frå I – O)
- Parallellsesjon 13. juni (frå I – O)
- Stands, 1 eller fleire

Spørsmål om påmeldinga, kontakt Ragnhild Kavli ragnhild.kavli@helse-vest.no tlf. 51963820

Kontaktpersonar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Rita Hagen Molvær fmsfrhm@fylkesmannen.no tlf. 57643175

Fylkesmannen i Hordaland: Mona Fauskanger fmhomfa@fylkesmannen.no tlf. 55 57 22 03

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Program torsdag 12. juni 2014

10:00 – 12:00	Plenum 10 år med pasientrettar utvikling i Norge og Danmark Film: ei behandlingsreise	Sverre Nesvåg og Mads Uffe Pedersen Lise Asmundstad
12:00 – 13:30	Lunsj – «mingletid» sjå på stands	
13:30 – 15:30	Plenum Framtid – rus og avhengigheit i eit europeisk perspektiv 10 år i TSB - kva skal arkiverast og kva tar vi med inn i dei neste 10 åra?	Jan Erik Karlsen Kari Lossius
15:30 – 16:00	Pause – «mingletid» sjå på stands	
16:00 – 17:00 17:15 – 18:15	Parallellsesjon 1 Parallellsesjon 2 Dei same parallellsesjonar går to gonger, varigheit ca. 60 min. Meld deg på to ulike sesjonar: A: Anabole androgene steroid / Speleavhengigheit B: Soning jf. § 12 og samarbeid med kriminalomsorga C: Kvalitetsarbeid på rusfeltet D: ROP - arbeid i kommunar og spesialisthelseteneste E: Ulik tilnærming, ulike terapiformer, døme frå spesialisthelsetenesta F: LAR – har vi nådd det vi ville? Paneldebatt (kun kl. 16:00 – 17:00) G: Korleis førebyggje «drop out» og overdosar? H: Kva er innhaldet i dei «nye» behandlingstenestane? Workshop	
	«Mingletid» sjå på stands	
19:30	Festmiddag Konsert	Tønes

Endringer i programmet kan forekomme

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Program fredag 13. juni 2014

8:30 – 10:00	Plenum Recovery – meir enn en ny metode Legemiddellassistert rehabilitering (LAR) gjennom 15 år	Pål Berger Helge Waal
10:00 – 10:30	Pause	
10:30 – 11:15	Parallellsesjon 3 Same parallellsesjonar går to gonger, varigheit ca. 60 min. Vel mellom: I: Internet som rusarena J: Likemannsarbeid, brukarmedverknad og pårørandearbeid K: Samhandling i praksis – fleire døme på god samhandling L: Det frie valet – «recovery» og brukarstyrte tilbod M: Kva skjer etterpå? Bustad – eit «must» N: Alkoholintervensjonar på nye arenaer O: Prisen for innsats og edel overtying i møte med sjukdom og liding?	
11:15 – 12:45	Utsjekk - Lunsj – «mingletid» sjå på stands	
13:00 – 14:00	Plenum Refleksjon og høgt-tenking: Frå din ståstad, kor er rusbehandling om 10 år? Mål: stake ut mål for dei neste 10 åra. Ein diskusjon mellom brukarrepresentantar, tenesteutøvarar og forskarar. Blir leda av Sverre Nesvåg Premiering av beste stands	
14:00 – 14:15	Pause	
14:15 – 15:10	Parallellsesjon 4 Same parallellsesjonar går to gonger, varigheit ca. 60 min. Vel mellom: I: Internet som rusarena J: Likemannsarbeid, brukarmedverknad og pårørandearbeid K: Samhandling i praksis – fleire døme på god samhandling L: Det frie valet – «recovery» og brukarstyrte tilbod M: Kva skjer etterpå? Bustad – eit «must» N: Alkoholintervensjonar på nye arenaer O: Prisen for innsats og edel overtying i møte med sjukdom og liding	

Takk for no. Vel heim

Buss til Stavanger	kl. 15:25 frå Haugesund Rutebilstasjon (Kystbussen)
Buss til Bergen	kl. 16:10 frå Haugesund Rutebilstasjon (Bus4you)
Fly til Oslo	kl. 15:40

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Parallellsesjon – dag 1

A Anabole androgene steroid / Speleavhengigheit

- Bjørn Barland gir oss ein kunnskapsbasert og oppdatert gjennomgang av tema doping
- Nasjonal kompetanseteneste TSB har kartlagt behandlingstilboda
- Stavanger/Stord kommunar deler erfaringar med kartlegging av doping
- Korleis møte og behandle menneske som bruker anabole stereoidar. Er dette avhengigheits?
Med Camilla Wahlstrøm frå Haugaland A-senter

Spel:

- Eli Torhild Bru frå Bergensklinikkane/
- John Eric Llera frå Haugaland A-senter deler erfaringar frå klinikk

B Soning jf. § 12 og samarbeid med kriminalomsorga

Samarbeid med kriminalomsorga er tema i denne sesjonen. Fleire innsette blir vurderte til å trenge behandling i soningstida (straffeloven § 12), her må det leggjas til rette for heilskaplege løp.

- Narve Kallevik frå Kriminalomsorga Sør-Vest orienterar om omfang og erfaringar og
- Einar Lervik, tilbakeføringskoordinator Sandeid og Haugesund fengsel fortel om arbeidet med å komme heim etter soning.
- Helse Bergen/ Bergen kommune deler erfaringar med sitt prosjekt om Narkotikaprogram for domstolskontroll (ND). ND inneber at rusmisbrukarar kan bli dømde til å gjennomgå eit rehabiliteringsprogram som vilkår for dom med vilkår. Formålet er å førebyggje ny kriminalitet og fremme rehabilitering.
- Geir Lien ved Helse Bergen orienterar samhandlinga mellom partane i ND

C Kvalitetsarbeid på rusfeltet

- KORFOR har utvikla eit kvalitetsregister innan rusbehandling. Kristina Bakke Åkerblom og Ane Jostedt Blomdal frå Floen (Helse Bergen) vil presentera registeret og gi oss eit innblikk i korleis registeret fungerer.
- Espen Andreas Enoksen presenterer arbeidet med å utvikle europeiske standardar for kvalitet for rusfeltet. Er arbeidet relevant for norske forhold?
- Helsedirektoratet v/ Britteline Bakstad orienterar om status for arbeidet med å utvikle faglige retningslinjer for TSB

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Parallellsesjon – dag 1

D ROP - arbeid i kommunar og spesialisthelsetenester

Menneske med behov for samansette tenester setter hjelpeapparatet på prøve.

- NAPHA vil løfte fram erfaringane som ble generert i eit nasjonalt nettverk for menneske med psykiske lidingar som har behov for omfattande tenester.
- Nasjonal kompetanseteneste for rus- og psykiske lidingar (ROP) (Morten Brodal) vil orientera om korleis tenesta implementerer det nasjonale opplæringsprogrammet
- Helse Bergen med Ola Jøsendal har arbeidd systematisk med ROP retningslinjer, samarbeid og fordeling av ansvar mellom kommune og spesialisthelsetenesta og internt i spesialisthelseteneseta, med mål om å gi ein heilskapeleg hjelp.
- Døgninstitusjonen Gauselskogen (Helse Stavanger) vil seie noko om korleis pasientløp best kan organiserast både før, under og etter eit opphald i institusjon basert på evaluering frå pasientane. Britt Ellinor Scott orienterar

E Ulik tilnærming, ulik terapiform, eksempel frå spesialisthelsetenesta.

- Stipendiat Grete Flemmen NTNU utforskar fysisk aktivitet som behandlingsmetode. Fysisk aktivitet har vært brukt i behandlinga av rusavhengige i meir enn 30 år, men aktiviteten har i svært liten grad vært vitskapeleg basert.
- Nina Andresen ved Bergensklinikkane vil greie ut om motiverande samtale (MI) og korleis motivere pasientar
- Nina Arefjord ved Bergensklinikkane gjer oss eit innblikk i : Behandling basert på mentalisering (MBT) til kvinnelige pasientar med emosjonell ustabil personligdomsstøring og alvorlig rusliding. MBT er nå innført som ordinært behandlingstilbod i SBK.

F LAR – har vi nådd det vi ville? Paneldebatt.

Tenesteutøvarar, brukarrepresentantar og forskerar møtes her til ein debatt kring LAR –tilbodet: Kva seier BrukarPlan og kva seier tilsynet? Kva med R-en i LAR? Debatten blir leda av Sverre Nesvåg. Medverkande: Gabrielle Welle Strand Helseledningskontoret, John Gunnar Liknes Karmøy kommune, rep. frå ProLAR, Christian Ohldieck Helse Bergen, Hanne Beth Takvam-Borge Forbrukarrådet tidlegare NAV Laksevåg, Rigmor Kvaa de Waard Fylkesmannen i Rogaland.

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Parallellsesjon – dag 1

G Korleis førebygge «drop out» og overdosar?

«Drop out» og overdosar skaper store utfordringar for både pasientar og behandlarar. I denne sesjonen vil vi diskutere metodar og modellar som har vist seg effektive for å hindre overdosar og å redusere «drop out». Nasjonale kampanjar og tiltak mot overdosar og «drop out» vil bli presentert. Sesjonen vil gi døme på korleis sjekklister og prosedyrar kan vere nyttige verktøy i dette arbeidet, og korleis man kan motivere pasientar til å ta meir ansvar for eiga helse. Systematisk evaluering av den terapeutiske relasjonen, som har vist seg å ha mykje å seia for om pasienten blir i behandling eller ikkje, vil og bli presentert og diskutert. Medverkande: Hilde Harwiss Nasjonal kompetanseteneste TSB, Ole Næss prosjektleiar Drop Out, Kari Lossius leiar for pilotprosjekt om å førebygge overdosar, Politiet i Haugesund.

H Kva er innhaldet i dei «nye» behandlingstenestane? Workshop.

Korleis er og korleis bør innhaldet vere i ulike tenester? På tross av meir differensierte tenester etterspør tilvisar og vurderingseiningar «døgn» og «poliklinikk». Her blir dei «nye» tenestene først presentert, så skal deltakarane bidra med sine innspel i ein velorganisert workshop.

Akutt: Presentasjon frå Askøy og Rogaland A-senter

Dagbehandling: Presentasjon frå Haugaland A-senter og Bergensklinikkane

Ambulant behandling: Presentasjon frå Floen og Bergensklinikkane

Stabilisering/ utgreiing: Presentasjon frå Rogaland A-senter og Frelsesarmeen

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Parallellsesjon – dag 2

I Internet/ ny teknologi som rusarena

Kan behandlinga bli betre gjennom ny teknologi? Og kva med all informasjonen? Både om nye rusmiddel men og om behandlingstilbod og sjølvhjelpsverktøy? Vi får ein orientering frå:

- Utvikling av ein sjølvhjelps-App. Korleis nå dei unge i risikosona – om innovasjonsarbeidet for å nå målgruppa, Nytorget –prosjektet, Helse Stavanger.
- Sjølvhjelp på nett, skjema for sjølvutfylling, på vei inn i behandlinga i Stiftelsen Bergenslinikkane, Arvid Skutle fortel
- «Eit hav av» ulike type rusmidlar er lett tilgjengelig på nettet. Arvid Skutle orienterar
- Nasjonal kompetanseteneste ROP (Tore Willy Lie) orienterer om e-læringsverktøy som kunnskapsropet, ropTV og andre nettressurser.

J Likemannsarbeid, brukarmedverknad og pårørandearbeid

- Tone Larsen og Ronny René Nielsen, masterstudent med brukarerfaring: «Brukermidvirkningens potensial: Marionetter eller medborgere? Myndiggjøring og sjølvmyndiggjøring.»
- Elisabeth Nordhus Lied deler erfaringar frå sitt arbeid som erfaringskonsulent ved Rogaland A-senter
- Veiledingssenteret for pårørande i Haugesund vil gje oss eit innblikk i sitt arbeid med «mannegrupper»
- Pårørandesenteret i Stavanger kjem for å presentera www.pårørendeprogrammet.no eit godt oppslagsverk til pårørandearbeid i tenesta

K Samhandling i praksis

Korleis byggje tillit mellom ulike delar av tenesteapparatet som igjen styrker tilliten mellom pasienten og behandlingssapparatet?

- Presentasjon av Helsedirektoratets ferske rettleiar i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne «Sammen om mestring» v/ Ann Nordal frå helsedirektoratet. Samhandling blir eksemplifisert med fleire tiltak:
- Oppsøkjande behandlingsteam i Stavanger blei starta i 2005 og har fleire praktiske erfaringar om samhandling i praksis, leder Karianne Borgen gjer oss innblikk i det.
- Behandlingsstart på kommunal arena, leiar av PUT Helse Stavanger Ole Hegg deler av sine erfaringar.
- Tillitspersonforsøket og bruk av politikontraktar i Stord kommune – Kenneth Stenbråten og Ingrid Solheim
- Oppfølging gravide rusmiddelmissbrukarar i Stavanger kommune

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Parallellsesjon – dag 2

L Det frie valet – Recovery og brukarstyrte tilbod

Moderne tenester vektlegger brukarens frie val. Denne sesjonen er en presentasjon av ulike tiltak som vektlegger brukarens valfrihet som det sentrale:

- Korfor satsar Helse Stavanger på recovery? Med Inger Kari Nerheim og Victoria Skretting
- Kva om alle fekk ein recoverymanager?, ein eigen person som følgjer pasienten , ein brukarrepresentant fortel
- Sandnes kommune er ein såkalla «recovery- kommune». Kva inneber det? Christel Dahl deler av Sandnes kommune sine erfaringar.
- Prosjekt K ABT ved Stiftelsen Bergensklinikkane, presentert av Espen Aas.
- Ankerprosjektet i Fjell kommune nyttar «ambulant brukarstyrt samarbeid», presentert av Anette Wasa Tverlid og Saritha Hovland

M Kva skjer etterpå – bustad eit «must»

- Bustaden er her den raude tråden:
- Korfor er bustad eit «must», og Husbanken sitt arbeid med Lars-Marius Ulfrstad, avdelingsdirektør i Husbanken
- Erfaringar frå Housing first prosjektet i Bergen kommune/ Helse Bergen, med Elisabeth Frantzen
- Ein bebuar frå M100 (Stavanger kommune) fortel om M100 og «tida etterpå» som rusfri, med fokus på bustad.
- Karmøy kommune deler erfaringar frå sitt kartleggingsverktøy for oppfølging i bustad med Egil Bremnes

N Alkoholintervensjonar på nye arenaer

Alkoholintervensjonar på nye arenaer er ein workshop kor dei som arbeider med alkoholintervensjonar på nye arenaer kan møtast og utveksla erfaringar. Alle helseføretaka i Helse Vest har etablert eller er i ferd med å etablere ordningar for rusintervensjonar i somatiske einingar. Stavanger kommune driver “Prosjekt alkoholvaner; litt for ofte litt for mye” som er tilknytt eit helse- og sosialkontor. Korleis kan denne jobbinga bidra til styrkt evne til eigen-ending, fordeler og ulemper med ulike intervensjonsstrategiar og samarbeid mellom fastlegen og andre instansar? Kva finst av forskning på temaet? Og er det moglegheit for samarbeid kring forskingsaktiviteter? Hausten 2014 vil Nasjonal kompetanseteneste TSB etablere eit nasjonalt nettverk for erfaringsutveksling kring temaet, dei deltar også.

O Prisen for innsats og edel overtying i møte med sjukdom og lidning

Ein time med seniorpsykiater Bjarte Stubhaug, Helse Fonna. Stubhaug har lang erfaring med krisereaksjonar og utmatting, lettsvidde og utbrente helsearbeidarar, har medisinsk dr.grad. om kronisk utmatting CFS/ME .

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Presentasjon av plenumsforeleserar

Sverre Nesvåg

er forskingsleiar ved KorFor, Stavanger Universitetssykehus i tillegg til å være tilsett ved SERAF, Universitetet i Oslo. Han har over fleire år gitt viktige bidrag både som forskar og debattant til rusfeltet både nasjonalt og internasjonalt og har vært avgjerande for utvikling av rusfeltet i Helse Vest – området. Han/KORFOR er særlig kjent for utvikling av BrukerPlan, eit kartleggingsverktøy nytta av 150 kommunar i Norge og for sin praksis- og brukarnære forskning i eit «bottom-up» perspektiv. Han har blitt tildelt en rekke priser mellom anna Dr. Oscar Olsens pris til fremme av norsk rusmiddelforskning, RIO brukarpris og Funkisprisen.

Mads Uffe Pedersen

er utdanna klinisk psykolog, phd og er rusmiddelforskar og leiar ved Center for Rusmiddelforskning ved Universitetet i Århus. Han har over ei årrekke publisert fleire artikler, bøker og rapportar og gitt viktige bidrag i forståing av rusmiddelbruk/misbruk/avhengigheit, mellom anna i forhold til hasjbruk og ungdom. Pedersen er ein hyppig nytta foredragshaldar i inn- og utland og har vært representert i fleire ulike eksepertgrupper og komitear i Danmark og internasjonalt.

Lise Aasmundstad

er leiar for Rehab piloten, for menneske i endring, ein hjelp til eit betre liv for rusmiddelavhengige. Ho har sjølv gjort ei lang reise for å finne styring i eige liv, noko som deltakarene på seminaret får innblikk i gjennom film. Aasmundstad er en etterspurd forelesar mellom anna på tema «Fra offer til aktør» med fokus på eigen vilje, samarbeid og nyskaping av livsføresetnader.

Jan Erik Karlsen

Professor emeritus ved Universitetet i Stavanger vil gi oss eit framtidretta (Foresight Management) oversyn knytt til livstil og avhengigheit i eit europeisk perspektiv. Han har bakgrunn frå sosiologi, økonomi og endringsleiing, og er ansvarlig for framsynsstudiene i EU-prosjektet «Addiction and Lifestyle in Contemporary Europe - Reframing Addiction Policy» (ALICE RAP). ALICE RAP programmet, som teller over 150 forskarar frå hele Europa skal legge føringar for framtidig europeisk politikk om rus og avhengigheit. Karlsen har utgitt en rekke bøker og artiklar og er ein ivrig skribent i fleire av landets aviser.

Kari Lossius

er psykologspesialist og klinikkdirektør ved Stiftelsen Bergensklinikkane. Ho har arbeida med rusproblematikk i 28 år. Lossius er også tilknytt Universitetet i Bergen som rettleiar og som konsulent ved Studenthelsetenesta. Lossius har leda ei regjeringsnedsett ekspert gruppe innan rusførebyggjing og behandling, hun er medlem av KRÅD – regjeringsoppnemnd råd innan tiltak for å førebyggje kriminalitet og medlem av rådet for ADHD Norge. Lossius er medforfattar av fleire bøker innan rus og psykologi, har skrevet artiklar og kronikkar. Ho er en flittig nytta som føredragshaldar i inn og utland

Pål Berger

har fleire års erfaring frå feltforskning i rus. Han har forskarsamarbeid med UIS og KORFOR og har intervjuet omkring 200 rusavhengige i ulike prosjekter. Han er medlem i fleire brukarråd, mellom anna i Helse Vest. Han deltar i fleire prosjekt innan Recovery og er ein flittig nytta føredragshaldar. Berger arbeider ved M100 og er medeier i Recoverykompetanse AS.

Helge Waal

er professor i psykiatri og har rusmisbruk og avhengigheit som fagfelt. Han er tilsett ved Senter for rus- og avhengighetsforskning (SERAF), og ble i 2003 tildelt Fagrådets pris for godt rusfaglig arbeid av Det medisinske fakultet i Oslo. Waal er en «nestor» innan rusforskning og ein flittig nytta føredragshaldar. Kongen utnemnde i 2010 Waal til riddar av 1. klasse av St. Olavs Orden «for hans innsats innan rusmiddelforskning og behandling.»

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Underhalding torsdag kveld

Tønnes er ein norsk visesongar, gitarist og låtskriver frå Soknadal. Han ga ut sitt fyrste album, Rett te håves, i 1996 og har gitt ut totalt sju album og fire EP-er. I tekstane bruker han Sokndal-dialekt og fortel humoristiske og underfundige historier om små og store ting. Han har fått ein rekkje prisar for musikkan sin, mellom anna Prøysenprisen, Spellemannprisen og nominert til Nordic Music Prize. Han har og fått Dialektprisen.

Parallellsesjonar

Bjørn Barland 1. amanuensis ved forskingsavd. v/Politihøgskulen fleire års erfaring frå forskning på tema doping

Kenneth Stenbråten arbeidar som koordinerande tilsitsperson i Stord kommune. Han er utdanna sjukepleiar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid. Koordinerande tilsitsperson er ei ordning som skal vera eit lågterskel tilbod der pårørande, brukarar og tenesteapparat kan ta kontakt utan anna tilvisning.

Ingrid Solheim er utdanna sosionom med vidareutdanning i rusproblematikk og psykisk helse. Ho arbeidar med Lar-behandling og Lågterskel helsestasjon i Stord kommune. Ho er med i arbeidsgruppa som arbeidar med ungdom som har utfordringar knytt til cannabisbruk.

Camilla Wahlfrid er utdanna psykolog og har erfaring frå Haugaland A-senter - frå 1/6 frå Helse Fonna.

Eli Torhild Hellansjø Bru er dr. psychol/psykologspesialist, og arbeider som klinisk og prosjektrelatert forskning ved Stiftelsen Bergensklinikkane. Dei siste årene mellom anna prøvd ut eit behandlingsprogram for dataspelavhengig ungdom og foreldre, og ulike behandlingmetodar for pengespillavhengige.

John Eric Llera er psykolog ved Haugaland A-senter. Han har lang erfaring med behandling av pasientar med ulike former for speleavhengigheit.

Kristina Bakke Åkerblom er utdanna psykologspesialist og er seksjonsleiar på Floen, Helse Bergen

Espen Andreas Enoksen er daglig leiar i KORFOR og i Rus-Psykiatri-Somatikk teamet i Helse Stavanger HF. RPS-teamet har fått eit særleg ansvar for å sikre ein god samordning av psykisk helsevern, somatikk og rusfaglege tenester i Helse Stavanger.

Brittelise Bakstad er seniorrådgivar, eining for psykisk helsevern og rus, Helsedirektoratet

Petter Dahle er utdanna sosionom og er nestleiar i NAPHA (Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid). Han har lang arbeidserfaring innan de kommunale helse- og sosialtenestene, særleg med brukarar med psykiske lidningar og/eller rusproblem.

Morten Brodal arbeider i Nasjonal kompetanseteneste for rus- og psykiske lidningar (ROP)

Ola Jøsendal er avdelingsdirektør for avdeling for rusmedisin, Helse Bergen, og er utdanna lege og har doktorgrad

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Parallellsesjonar (fortsettelse)

Britt Ellinor Scott er utdanna sosionom og har mastergrad i endringsleiing, ho er leiar på Gauselskogen, Helse Stavanger

Grete Flemmen PhD-student ved institutt for sirkulasjon og bildediagnostikk ved Det Medisinske Fakultet, NTNU. Tilknytt FoU-avdelingen ved Klinik for rus- og avhengighetsmedisin, St. Olavs hospital

Nina Elin Andresen er psykolog og spesialist i klinisk psykologi. Hun har omfattande erfaring i klinisk behandlingsarbeid med alvorlig psykiske lidning og rusmiddelproblematikk, og med rettleiing og metodeutvikling innan feltet. Hun er medlem av MINT (Motivational Interviewing Network of Trainers) og er knytt til Universitet i Bergen, Psykologisk fakultet.

Nina Arefjord er spesialist i klinisk psykologi og tilsett i Stiftelsen Bergensklinikkane, Kompetansesenter rus, region Vest Bergen. Arbeidar med rusbehandling, rettleiing og undervisning. Har sidan 2007 drevet utviklingsarbeid i forhold til personligdomsvanskar & ruslidning & mentaliseringsbasert behandling (MBT) og er knytt til lærarstaben ved Mentalisering.no

Ole Hegg er utdanna sosionom, har fleire års erfaring frå arbeid innan rusfeltet både i spesialisthelsetenesta og frå kommunal verksemd og er leiar av PUT Stavanger

Gabrielle Welle Strand er seniorrådgivar i Helsedirektoratet, er utdanna lege og har lang erfaring frå klinisk arbeid med rusmiddelmissbrukarar, frå forskning og frå arbeid med nasjonale rettleiingar. Ho har vore sentral i etableringa av LAR i Noreg frå starten og er sentral i arbeidet med ny spesialitet for rusmedisin

Christian Ohldieck er seksjonsoverlege, Avdeling for rusmedisin, LAR

Hanne Beth Takvam-Borge er utdanna jurist og har erfaring som fagkonsulent i Laksevåg sosialteneste / NAV Laksevåg. Ho arbeidar nå ved Krisesenteret og som i Forbrukerrådet. Ho er ei ivrig blogger om politikk og samfunnsprospørsmål.

Rigmor Kvaa de Waard er utdanna sosionom og familierapeut og er assisterande avdelingsdirektør i Helse – og sosialavdelinga, Fylkesmannen i Rogaland. Ho har arbeidd som seniorrådgivar på rus – og psykisk helsefeltet i heile perioden for opptrappingsplanen for rusfeltet. Ho har arbeida fleire år innan rusfeltet både i spesialisthelsetenesta og i kommunal verksemd og har medverka til arbeid med nasjonale rettleiingar i Helsedirektoratet.

Ann Nordal seniorrådgivar, avdeling psykisk helse og rus, divisjon primærhelsetjenester

Karianne Borgen er utdanna sosionom og er leiar for Oppsøkende behandlingsteam, Stavanger

Arvid Skutle er utdanna psykologspesialist og er forskingsjef ved Bergensklinikkane. Han har vært i rusfeltet i mange år som klinisk og forskar. Dei siste åra med fokus på kliniske problemstillingar, kvalitetssikring og forskning. Har ei rekke publiserte artiklar og bokkapittel frå dei seinare år.

Narve Kallevig har arbeida over 30 år i Kriminalomsorga, derav 10 år i Friomsorga, dei fleste som leiar av kontoret i Haugesund. Har arbeida ved alle former fengsel både sentrale og lokale. Var mellom anna med å starte Bergen fengsel avdeling Osterøy. Leder av Haugesund fengsel i 10 år. Arbeida dei siste 10 åra ved regionsadministrasjonen i Kriminalomsorg region sør vest, mellom anna med ansvar for § 12.

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Parallellsesjonar (fortsettelse)

Einar Lervik arbeidar som tilbakeføringskoordinator/rådgjevar ved Sandeid fengsel og Haugesund Fengsel. Samarbeider med ulike instansar for at innsette skal få best mulige tilbakeføringar til heimkommunen.

Geir Lien Spesialrådgivar, Divisjon psykisk helsevern, Helse Bergen

Inger Kari Nerheim er klinikkdirektør Psykiatrisk divisjon i Helse Stavanger. Ho har vært sentral i arbeidet med å implementera recovery-tankegongen i divisjonen

Victoria Skretting har fleire års erfaring med bruk av «recovery» modellen og fysisk trening for å bli rusfri

Christel Dahl arbeider i ROP tenesten i Sandnes kommune

Anette Wasa Tverlid er utdanna pedagog med lang praksis frå Nav. Ho er ruskonsulent i Nav Fjell. Hun har vært med på starten av Ankerprosjektet og arbeida i tiltaket den tid det varte.

Saritha Hovland er utdanna vernepleier og har arbeida i psykiatribustadar. Ho er ruskonsulent i Nav Fjell. Hun har vært med på starten av Ankerprosjektet og arbeida i tiltaket den tid det varte.

Espen Aas har arbeida i rusfeltet i ca 18 år. Starta med lågterskelarbeid ved Strax-Huset i Bergen og har dei siste 7 år arbeida i ABT (Ambulant brukarstyrt team). Ny jobb i Stiftelsen Bergensklinikkane, med fokus på PUT og MBT pasientar, under hele deira behandlingssløp med ambulerande tenester. Bidrar i arbeidet med brukarstyring i Avdeling Unge på Hjeltestad.

Lars-Marius Ulfrstad er avdelingsdirektør og forskar i Husbanken og har fleire års erfaring frå arbeidet med bustadsløse og gitt ut fleire bøker og artiklar. Han er ein av initiativtakerane til den norske Housing first satsinga.

Elisabeth Arntzen er utdanna sosionom, jobbar i Bergen kommune og er prosjektleiar for Housing First i Bergen kommune

Hilde Harwiss er spesialrådgivar i Nasjonal kompetanseteneste TSB og har lang erfaring frå arbeid innan feltet

Ole Næss er utdanna klinisk sosionom og mastergrad i endringsleiing. Han har lang erfaring frå rusfeltet i Helse Stavanger som klinisk, einingsleiar, rådgivar og forskar (KORFOR).

Tone Larsen stipendiat med brukarerfaring

Ronny Rene Nilsen masterstudent med brukarerfaring

Elisabeth Nordhus Lied er erfaringskonsulent knytt til Rogaland A-senter. Ho har lang erfaring frå rus- og barnevernsarbeid.

Anette Ness er leiar på Veiledningssenteret for pårørende, Haugesund, som drives av Norske Kvinners Sanitetsforening, Rogaland

Anne Helen Johannessen arbeider ved Pårørendesenteret i Stavanger og er prosjektleiar for www.pårørendeprogrammet.no

JUBILEUMSSEMINAR INNEN RUSBEHANDLING



Parallellsesjonar (fortsettelse)

Jan Geir Hessen, leiar for etterrettingsseksjonen v/ Haugaland og Sunnhordland politidistrikt. Han er den i politidistriktet som har ansvar for oversikt over «overdoseproblematikken»

Trond Kibsgaard er fagsykepleiar på ambulansen i Helse Fonna og møter der overdoseproblematikken

Kenneth Eikeset er klinikkdirektør i klinikk for psykisk helsevern i Helse fonna og er såleis og ansvarleg for utviklinga av TSB tenestene i Helse Fonna. Han er utdanna psykiatar og har lang og brei klinisk erfaring innan psykisk helsevern.

John Gunnar Liknes er utdanna sosionom og leiar for Rus- og aktivitetstenester i Karmøy kommune. Han har vært leiar for sosialteneste og Rus- og aktivitetstenester i til saman 14 år. I denne perioden har Liknes vært med å bygge opp det kommunale tilbodet til LAR pasientane.

Egil Atle Bremnes er utdanna sosionom og fagansvarlig i Rus- og aktivitetstenester i Karmøy kommune. Rus- og aktivitetstenester har saman med Barclay Stevenson, KORFOR, utviklet et kartleggingsverktøy for oppfølging i bustad.

Benedikte Heldal er avdelingsleder for dagavdelinga ved Stiftelsen Bergensklinikkane. Ho er utdanna vernepleier med vidare utdanning innan vold, traumer og sjølvmod. Ho driver psykodynamisk MBT gruppe for menn og har i tillegg behandlingsansvar for nokre pasientar som er innlagt i andre avdelingar ved klinikken

Geir Henrik Iversen er klinikkjef ved Haugaland A- senter. Han er utdanna psykologspesialist med lang erfaring frå TSB. Sitter også i referansegruppa for Nasjonale kompetansetenester for TSB

Bjarte Stubhaug seniorpsykiater i, Helse Fonna. Han har lang erfaring med krisereaksjonar og utmatting, lettsvidde og utbrente hjelpearbeidar, har medisinsk dr.grad. om kronisk utmatting CFS/ME . Avtalepraksis Helse Vest, Klinik for stressmedisin. Førsteamanuensis Universitetet i Bergen, Klinisk Institutt 1.